

Pyntar stadig opp i båthamna.

19.06.2016



Reidar Myklebust var i full sving med malarkosten onsdag.

Det har vore gjort mykje godt dugnadsarbeid i båthamna denne forsommaren. No er det bodene som står borte ved grensa til Rabben Feriesenter som har fått seg ei ansiktskløfting. Då eg var nedom hamna onsdag, trefte eg på Reidar Myklebust med malarkosten, og han var då i ferd med å gje dei siste finishen.

Bodene har tidlegare vorte malt på dugnad. No var det dørene som fekk farge. Reidar fortalte at han også hadde vore der dagen før. Onsdag var han og gav eit ekstra strøk på noko som ikkje dekka godt nok. Tidlegare var dei ulike boden i forskjellige fargar. No er alle malt grå, men dørene framleis har ulike fargetonar.

Det er bålagsmedlemmer som har kjøpt bodene til lagring av diverse utstyr. Dei eig dei på same vis som medlemmene eig båtplassene. Om dei ønskjer å selgia, må salget gå gjennom båtlaget.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland